

## Oppdater info på studiestaden - tekstforslag

### Forslag 1. Om Tibi

*Til bruk på nettsider eller andre relevante stader retta mot studentar. Tilpass etter behov!*

### Pensum som lydbok og e-bok

Studentar med syns- eller lesevanskar kan låna tilrettelagd studielitteratur frå Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur (tidlegare NLB). Tilbodet er gratis og for studentar på universitet, høgskule og fagskule.

### Bokutval

Hos Tibi får du både lydbøker med tekst og e-bøker. Samlinga har fleire tusen bøker og dekkjer mange fag. Du får også tilgang til tilrettelagde studie bøker frå andre land.

### Kven kan låna?

Alle som har utfordringar med å lesa visuell tekst, kan melda seg inn. Nedsett syn, dysleksi, ADHD, kognitive utfordringar eller funksjonsnedsetjingar som gjer det vanskeleg å halda og bla i ei bok, kan vera det som gir lesevanskar og lånerett.

Blinde og sterkt svaksynte studentar har rett til å få produsert studielitteraturen dei treng.

Sjekk ut [tibi.no](http://tibi.no) for meir informasjon og innmelding.

Tibi er ei teneste frå Nasjonalbiblioteket

### Kontakt

[www.tibi.no](http://www.tibi.no)

E-post: [student-tibi@nb.no](mailto:student-tibi@nb.no)

Telefon: 22 06 88 10 (kverdagar kl. 10-14)

### Forslag 2. Kortare om Tibi

### Pensum som lydbok og e-bok

Studentar med syns- eller lesevanskar kan låna tilrettelagd studielitteratur frå Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur (tidlegare NLB). Tilbodet er gratis og for studentar på universitet, høgskule og fagskule.

Tibi har lydbøker med tekst og e-bøker i mange fag. Nedsett syn, dysleksi og andre lesevanskar kan gi lånerett.

Du finn meir informasjon om tilbodet og kven som kan låna på [www.tibi.no](http://www.tibi.no).



Tibi har lydbøker og e-bøker i mange fag til studentar med lesevanskar. (Foto: Shutterstock)